

400 ender blir sluppe i år 02.06.2009



Hovudpremien i år er verd 7.000 kroner.

**13. juni er den store Aktivitetsdagen og eit av innslaga blir andeløpet. Det var svært populært i år og blir det sikkert også i år.
Endene skal slippast ved Djupehølen og målpaseringa blir i nærleiken av skulebrua.**



Ivar Gundersen klar til andeslipp ved Djupehølen i fjor. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Dette året er det hovudlaget i Uskedalen Idrettslag som vil stå for innslaget og arrangøren satsar sterkare enn i fjor. Talet på ender er auka frå 200 til 400 og salet er allereie i gang. Ein kan no få kjøpt dei på SPAR, Auto 88, Zjakk og i Gros Blomster.

Prisen på andelsbreva er dobla frå 50 til 100 kroner og ein får dermed eit unikt nummer for kvar einaste and.

Hovudpremien er ein oppblåsbar gummibåt til ein verdi av 7.000 kroner og det blir fleire småpremier i tillegg, lovar idrettslaget